

SAMFERDSELSDEPARTEMETET	
AVD./SEK.: PLS	S.BEH.:
29 APR. 2008	
S.NR.: 08 / 73 - 70	
ARKIVKODE: 412.3	AVSKREVET:

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo

25. april 2008.

## Nasjonal transportplan 2010 - 2019, høyringsuttale Aurland Ressursutvikling AS

Aurland Ressursutvikling AS har som formål å stimulere til vekst og næringsutvikling i Aurland/indre Sogn. Aksjonærane i selskapet er Aurland kommune, Siva Eiendom Holding AS, Hurtigruten ASA og Aurland Sparebank.

Selskapet er bl a einkasjoner i Flåm Utvikling AS, (ansvarleg for Flåmsbana), og Fretheim Hotell AS.

Næringsverksemda i Flåm med utgangspunkt i Flåmsbana gjev store ringverknader for heile regionen. Talet på reisande har auka kvart år og var nær 600 000 for 2007! Mange av desse har omstigning til eller frå Bergensbanen på Myrdal, og desse to banestrekningane dreg difor store vekslar på kvarandre.

### **Generelt til transportetatane sitt forslag**

Aurland Ressursutvikling AS sluttar opp om transportetatane sitt forslag om å styrke vedlikehaldet av den eksisterande infrastrukturen, særskild på Flåmsbana. Det er svært viktig å ta vare på det ein har, samstundes som ein utviklar nye. Forslaget om å overføre midlar frå investering til vedlikehald syner at ramma bør aukast vesentleg.

Etter Aurland Ressursutvikling AS sitt syn bør ramma aukast med minst 50-60% dersom me skal lukkast med nasjonale målsetjingar som desentralisert busetnad og auka sysselsetjing der folk bur!

### **Bergensbanen**

Opplevingsindustrien er verdens raskast veksande næring! Det er difor svært viktig for Noreg som nasjon å utvikle ein moderne og effektiv infrastruktur for å halde på og aller helst auke våre marknadsdelar.

Aurland Ressursutvikling AS ser det som svært viktig i denne samanheng at heile Bergensbanen får sin etterlengta modernisering i denne NTP-perioden. Kortare reisetid til dei store byane og befolkningssentra med sine flyplassar og kaianlegg blir viktig i framtida.

Aurland Ressursutvikling AS er eining i transportetatane sitt framlegg om at Bergen-Fløen, nytt kryssingsspor på Arna stasjon og dobbeltspor gjennom Ulriken bør koma først, og med utvida ramme må desse koma i fyrste del av planperioden.

### **Ringeriksbanen**

Det viktigaste enkeltprosjektet, og som må prioriterast høgast, for å fornye og modernisere Bergensbanen er bygging av Ringeriksbanen som vart vedteke på Stortinget så tidleg som i 1993.

Dette prosjektet vil, i tillegg til å redusera trafikken mot Drammen og Vestfold, åleine gje ein vesentleg reduksjon av reisetida på strekninga til Oslo og vil vera eit godt bidrag til å auke talet reisande på Bergensbanen og med det gje auka aktivitet og verdiskaping i distrikta.

Aurland Ressursutvikling AS ber om at stortingsvedtaket frå 1993 må prioriterast i dette NTP-vedtaket, oppstart må framskyndas, slik at Ringeriksbanen blir realisert denne planperioden.

Med beste helsing  
AURLAND RESSURSUTVIKLING AS

John B. Botheim  
Aurland Ressursutvikling AS  
5745 AURLAND  
90 85 19 49

Kopi:

Sekretariatet for Nasjonal transportplan 2010 - 2019